

## Hardanger & Sogn møter det nye fylket

*Utfordringsdokument  
15. desember 2018*



**Innhald:**

1.	Om notatet	3
2.	Bakgrunn	4
3.	Kven er «vi»?	6
4.	Kva og kven kjem vi til å møte?	9
5.	Demografi	14
6.	Næringsliv	17
7.	Kommuneøkonomi	24
8.	Demokrati/lokalpolitikk	26
9.	Samferdsle	27
10.	Utfordringar	30
11.	Mogeleg samarbeids- og konfliktområde	32
12.	Vedlegg	34

## 1. Om notatet

Mykje av innhaldet i notatet vil vere kjent stoff for mange. Eitt poeng her har vore å legge til rette for at representantar frå kommunane i det eine fylket skal få meir kunnskap om kommunane i det andre fylket og motsett.

Det andre poenget er å skildre dei omfattande endringane som no skjer, hovudsakleg som følje av kommunereforma. Vi ser her eit landskap i stor endring, for tida sterkt prega av interne prosessar. Det er lite som er kjent om kva aktørane legg opp til av eksterne prosessar og møteplassar.

Notatet har mange kjelder. Dei viktigaste kjeldene er nemnt i vedlegget, til sist i dokumentet. Mykje er henta frå tidlegare rapportar, SSB sin statistikkbank og departementet sitt digitale verktøy i samband med kommunereforma.

Rammene for arbeidet med dette notatet har vore avgrensa i tid og kroner. Ikkje alle fakta er difor like oppdaterte. Det er brukt skjønn i vurderinga av om det materialet som er eldst likevel er såpass tidlaust at det framleis er relevant. Det gjeld m.a. tal statlege arbeidsplassar i kommunane og det som er nytta av departementet sin statistikkbank i kommunereformarbeidet. Mykje av dette materialet er tre år eller eldre.

I dette notatet er Voss og Vaksdal rekna inn under nemninga «Hardanger+» medan «Sogn» vert nytta på dei 9 av 12 kommunane i Sogn som er tilslutta Sogn regionråd.

Kommunane i Sogn og Hardanger+ har avtalt at dei i 2019 vil drøfte felles interesser og utfordringar i det nye fylke. Målet er å samordne interessene der det er mogeleg.

Notatet er tenkt som ein del av drøftingsgrunnlaget i eit slikt møte.

Det er òg aktuelt å nytte materialet i møte med det nye fylket t.d. om felles planstrategi.

Til notatet er det laga ein presentasjon.

Øvre Årdal, 15. desember 2018

Jan Øhlckers

Vidsyn rådgivning as

## **2. Bakgrunn**

### **Kommunereforma og andre reformar**

Stortinget vedtok 18. juni 2014 å gjennomføre ei kommunereform i Noreg. Det var brei politisk semje om at det var naudsynt med endringar i kommunestrukturen, måla for reforma og at ny struktur skulle vere på plass seinast 1. januar 2020.

Målet for forma er å spreie makt, minke statleg detaljstyring og byggje samfunnet nedanfrå gjennom å gje meir handlingsrom til einskildmenneske, familiar, lokalsamfunn og verksemder. Regjeringa vil òg gje meir makt og mynde til meir robuste kommunar.

Grunnlaget for reforma er *nærleiksprinsippet*; å legge oppgåver og avgjerder så nær dei det gjeld som råd og ha trua på det lokale folkestyret. Kommunar og fylkeskommunar skulle få fleire oppgåver.

Reforma skulle styrke lokaldemokratiet, betra tenestetilbodet og gje meir rettsriktig og effektiv forvalting. Ny inndeling skal sikre og vidareutvikle framtidige velferdstenester og ein god og heilskapleg lokal samfunnsutvikling. Eit sentralt utgangspunkt er å forenkle, fornye og betre styringa av og i kommunane.

Samstundes er det gjennomført ei rad andre nasjonale reformar innan t.d. politi, høgskule, regional stat og regionalt folkevald nivå.

Reformar og nye strukturar gjer at kommunane blir meir avhengig av sterke kommuneregionar. Samarbeid over kommunegrensene vil no spele ei tyngre rolle. Ved å styrke samhandlinga og bygge alliansar kan kommunane få større gjennomslagskraft i det nye Vestland fylke, både mot regional stat og den nye fylkeskommunen.

### **Mykje er i endring**

Sogn regionråd og Hardangerrådet - saman med kommunane Voss og Vaksdal - har til no lege på kvar si side av fylkesgrensa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. No går fylka saman til eitt; Vestland fylke, både i regional stat (2019) og fylkeskommunen (2020).

Samstundes skjer det endringar i kommunestrukturen, både i Sogn og i Hardanger+.

Og statlege oppgåver vert overført til kommunane og regionane. Og oppgåver vert òg ført frå regional stat til tilsvarande, folkevald nivå.

### **Nye strukturar**

#### Ny folkevald region

Frå 1. januar 2020 vil dei to fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane gå saman til Vestland fylkeskommune. I følge intensjonsplanen vert Bergen administrasjonssenter for den nye regionen på Vestlandet, med lokalisering av rådmannsfunksjonen og politisk leiing.

Organiseringa elles er ein matrisemodell med desentralisert struktur og kontorstader både i Bergen, Leikanger og Førde.

#### Regional stat - Fylkesmannen

Frå 1. januar 2019 vert dei to fylkesmannsembeta slått saman til Fylkesmannen i Vestland. Hovudsetet for det nye embetet er lagt til Leikanger med kontorstad for embetsleiinga.

Lokaliseringa er frå regjeringa grunngjeve med ynskje om ein god regional balanse i offentlege arbeidsplassar i regionen. Men det vert eitt embete med delt lokalisering, både i Sogn og Fjordane (Leikanger og Førde) og i Hordaland (Bergen).

Departementet si avgjer er i tråd med intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Der legg dei to fylkeskommunane til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

### **Nye kommunar**

Samstundes skjer det endringar i kommunestrukturen både i Sogn og Hardanger+. Balestrand, Leikanger og Sogndal i Sogn går saman og blir Sogndal kommune. I Hardanger+ går Odda, Ullensvang og Jondalen saman til Ullensvang kommune og Voss og Granvin saman til Voss herad.

### **Nye oppgåver**

Og statlege oppgåver vert overført frå departement og direktorat til kommunane og regionane. Og det skjer overføringer frå regional stat til regionalt folkevald nivå og kommunane.

Kva alt dette vil få å seie for kommunane i dei nye fylke og dei to regionråda er førebels ikkje klart. Dei to regionale organisasjonane har nytta mykje tid til sine interne prosessar. Slik vil det truleg vere ei god tid framover, særleg i den nye fylkeskommunen.

Det bør ikkje vere til hinder for at kommunane startar arbeidet med å posisjonere seg; finne sterke og svake sider, truslar og opningar. På det viset vil dei vere betre budd når den nye fylkesmannen og fylkeskommunen kjem så langt at dei skal starte dialogen med primærkommunane og regionråda, både når det gjeld prosessar og møteplassar.

Dette notatet tek for seg nokre av elementa, som start på i ein slik førebuing. Den er ikkje på noko vis uttømmande, men trekker fram nokre særpreg, mogelege interessefellesskap og område for dialog.

### **3. Kven er «vi»?**


#### **Hardanger og Sogn**

Hardanger består i dag av dei 7 kommunane Kvam, Jondalen, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda. Voss og Vaksdal er vanlegvis ikkje rekna som del av Hardanger.

Sogn består av 12 kommunar, men tre av dei; Solund, Gulen og Hyllestad er ikkje med i Sogn regionråd. Rådet består av dei 9 kommunane lengst inn i fjorden; Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Aurland, Lærdal og Årdal.

#### **Regionråda**

Kommunane – med unnatak av Voss og Vaksdal er tilslutta kvart sitt regionråd. Råda har ulik formell heimel. Det er alt ein del samarbeid over fylkesgrensa, t.d. mellom Voss og Aurland/Vik. Eit døme er Samarbeidsrådet Aurland-Vik-Voss (SAVV) som forvaltar fondsmidlar til næringsutvikling.



**Figur 1 Kommunane**

#### Voss kommune


Voss deltek for tida ikkje i noko regionråd. Det er diskusjonar om felles strukturar for samarbeid i indre del av Hordaland, bl.a. som konsekvens av samanslåinga med Granvin. Å utvide samarbeid mellom Voss, Vik og Aurland er òg ein aktuell problemstilling.

Ordførar i Voss er Hans-Erik Ringkjøb frå Arbeiderpartiet.

## Vaksdal kommune

Vaksdal var deltakar i Bergen og Omland regionråd. Det vart lagt ned i 2010 og erstatta av Bergensalliansen. Bergensalliansen har i dag 22 medlemskommunar og er ein topp-politisk møteplass for ordførarar og byrådet i Bergen. Den har som føremål å sette felles utfordringar og utviklingsmogelegeheitar i den funksjonelle byregionen på dagsorden. Bergensalliansen er både eit interessepolitisk organ og eit organ som initierer interkommunalt samarbeid i byregionen. Arbeidet med Vest brann- og redningsregion har vore samarbeidsalliansen sin viktigaste sak.

Ordførar i Vaksdal er Eirik Haga frå Arbeiderpartiet.



**Figur 2 Hardangerrådet**

ordførarane med varaordføraren som vara:

- *Eidfjord kommune, ordførar Anved Johan Tveit (Sp)*
- *Granvin herad, ordførar Ingebjørg Winjum (V)*
- *Jondal kommune, ordførar Jon Larsgard (Sp)*
- *Kvam herad, ordførar Jostein Ljones (Sp)*
- *Odda kommune, ordførar Roald Aga Haug (Ap)*
- *Ullensvang herad, ordførar Solfrid Borge (Sp)*
- *Ulvik herad, ordførar Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)*

Hovudkontoret til Hardangerrådet ligg i Kinsarvik og har i dag 2 tilsette. Dagleg leiar er Jostein Eitrheim

## Sogn regionråd

Regionrådet er eit interkommunalt samarbeidsselskap<sup>1</sup> oppretta etter § 27 i kommunelova for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

## Hardangerrådet

Rådet er eit interkommunalt selskap (IKS), oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap med kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik som eigrarar.


Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemد.

I tillegg til representantskapet (rådet) har selskapet Hardingtinget, styret og eit rådmannsforum

Eigarforumet er representantskapet. Der sit

<sup>1</sup> <http://www.regionraad.no/index.php?cat=179851>



**Figur 3 Logo Sogn  
regionråd**

Rådet skal vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane.

Rådet har slik samansetjing:

- *Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune (Sp)*
- *Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune (Ap)*
- *Noralf Distad, ordførar Aurland kommune (H)*
- *Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (Ap)*
- *Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune (Ap)*
- *Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune (Ap)*
- *Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune (Sp)*
- *Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune (Ap)*
- *Olav Turvoll, ordførar Vik kommune (Sp)*

Hovudkontoret til rådet ligg i Sogndal. Dagleg leiar er Karina Nerland. Det er i tillegg tilsett 4 ressurspersonar og programleiarar knytt til ulike prosjekt.

### **Mykje er likt, men...**

Dei to regionane på mange område like, med samla folketalsnedgang, fråflytting, låg arbeidsløyse og ein tradisjonell næringsstruktur. Dei er òg prega av desentralisert senterstruktur og spreidd busetnad.


Det er difor likskapen og ikkje komplementariteten som er styrken. Det bør òg prege eit eventuelt samarbeid. Det bør likevel ikkje vere til hinder for erfaringsutveksling og å ta lærdom av kvarandre. Det er jo slik at på nokre område har den eine regionen lukkast betre enn den andre. Ei utvida dialog og samarbeid over tid vil nok synleggjere på kva område det er best praksis.

#### **4. Kva og kven kjem vi til å møte?**

Fylkesmannen i Vestland

Leikanger vert kontorstad for den øvste leiinga i embetet. Dei to embeta har fått høve til å fordele dei ulike funksjonane i det nye embetet tilpassa lokale behov og føresetnader. Det er lagt til grunn at det skal vere om lag like mange tilsette på lokasjonen i Sogn og Fjordane som i dag, og ikkje bli færre arbeidsplassar. Det er ikkje bestemt kva funksjonar som skal vera kvar, med nokre få mindre unntak. Dei fleste funksjonar skal vere to stadar.

Organisasjonskartet under viser kvar leiaren for dei ulike einingane skal ha kontorstad. Dette fordeler seg på Bergen, Leikanger og Førde. Alle leiarar vil ha tilsette på fleire kontorstadar.



**Figur 4 Fylkesmannen i Vestland - Organisering, med funksjon, leiar og kontorstad**

## Vestland fylkeskommune

Hovudtrekka i samanslåinga er:

- *Den er frivillig*
  - *Nynorsk blir administrasjonsspråk og statleg tenestespråk*
  - *Bergen vert administrasjonssenter*
  - *Funksjonane vert fordelt slik:*
    - *SFj – Kultur*
    - *H & SFj. – Næring*
    - *H – Opplæring og idrett*
    - *SFj – Veg*
    - *H – Kollektiv*
  - *Sogn- og Fjordane får nytte inntil kr 1.5 mrd. i eit eige fond i det «gamle» fylket*
  - *Fylkesmannsleiinga vert lagt til Leikanger*

## Oppgåver

Etter vedtaket om samanslåing i Stortinget 8. juni 2017 har dei nye regionane fått nokre nye oppgåver overført frå departement, direktorat og regional stat. Dei viktigaste er:


- *Opplysing av «sams vegadministrasjon» og overføring av fylkesvegane*
- *Klima og miljø*
- *Integrering*
- *Næringsutvikling og næringsretta forsking*
- *Folkehelse*

Det står dessutan att å handsame nokre område som t.d. kultur og barnevern.

## Organisering

Intensjonsplanen av 17. januar 2017 gir rammene for Fellesnemnda sitt arbeid med å slå dei to fylkeskommunane saman.

Det er semje om ei matriseorganisering med desentralisert struktur.



**Figur 5** Vestland fylkeskommune. Organisering og lokalisering


I tillegg til at politikk og administrativ leiing vert lagt til Bergen vert funksjonane fordelt mellom Bergen, Leikanger og Førde. Det er særleg interessant at noko som vert kalla «Hordaland Distrikt» får strategiske distriktsoppgåver i Hordaland innafor område som veg, opplæring/idrett, næring og kultur, medan leiinga av desse området er lagt til ein av dei tre administrasjonsstadane.

## Styring

### *Politisk leiing*

Inntil kommunevalet er gjennomført og nytt fylkesting konstituert vil Fellesnemnda vere den politiske leiinga i det nye fylket. Den har vide fullmakter og er sett saman av dei to fylkesutvala, dvs. med 15 representantar frå Hordaland og 7 frå Sogn og Fjordane.

Den politiske tyngda i det nye fylkestinget blir først klar seinhaustes 2019. Basert på tidlegare val vil det ikkje vere uventa om det vert eit borgarleg fleirtal.



**Figur 6 Sannsynleg fordeling i nytt fylkesting**

Det vert sjølv sagt spanande å sjå korleis kjøtvekta slår ut når det gjeld fordelinga mellom dei gamle fylka. Det er nesten fem gongar så mange veljarar i Hordaland som i Sogn og Fjordane. Nominasjonen så lang har berre gjeve Sogn og Fjordane to fylkesordførarkandidatar (V og KrF), medan Hordaland har Sp, Ap, FrP, SV, H og truleg MDG.

Det er difor sannsynleg at Hordaland vert overrepresentert i det nye fylkesutvalet.

Dette er sjølv sagt kvalifisert gjetting.

Berre val er val.

## Satsingsområde

I samband med tingingane mellom dei to fylkeskommunane vart det laga eit strategisk oversyn som framleis er særskilt aktuelt.

Det som er mest interessant her er satsinga på forsterka regional næringsutvikling, meir heilskapleg regional planlegging, samordning av planar, betre samordning med regional stat og sjølv sagt opning for oppgåveoverføring.

Då er desse områda det er naturleg å prioritere i møta med det nye fylket.

**Tabell 1 Opningar og utfordringar for Vestland fylkeskommune**

	<b>Opningar</b>	<b>Utfordringar</b>
<b>Samfunnsutviklar</b>	Samordning med regional stat vert monaleg styrka Opning for statleg oppgåveoverføring aukar Forsterka regional næringsutvikling Meir heilskapleg regional planlegging	Samordning av regionale og kommunale planar Mobilisering av privat og frivillig sektor
<b>Demokratisk arena</b>	Styrka folkevald kontroll over regional stat Auka politisk engasjement Utvikle territorialt fellesskap	Indre interessemotsetningar Opplevd relativ innflytelse
<b>Tenesteprodusent</b>	Stordriftsføremoner, regional samordning Auka kvalitet og kompetanse Regional best praksis	Omstillingsevne for å oppnå stordriftsføremoner Sentralisering

#### Administrativ leiing



**Figur 7 Rune Haugsdal**

Rune Haugsdal er tilsett som fylkesrådmann.

I tillegg er det tilsett desse fylkesdirektørane:

- *Organisasjon og økonomi - Ingrid Holm Svendsen*
- *Strategisk utvikling og digitalisering - Paal Fosdal*
- *Infrastruktur og veg - Dina Lefdal*
- *Mobilitet og kollektivtransport - Håkon Rasmussen*
- *Opplæring og kompetanse - Bjørn Lyngedal*
- *Innovasjon og næringsutvikling - Bård Sandal*
- *Kultur, idrett og inkludering - Per Morten Ekerhovd*



**Figur 8 Direktørar i Vestland fylkeskommune**

**Staten endrar seg og..**


Vi må dessutan vere budd på at det skjer endringar i organiseringa av statleg verksemd som følgje av reformene, m.a. kjem det no framlegg frå Vegdirektøren om å legge ned regionkontora (Leikanger) og divisjonalisere Statens vegvesen.

## 5. Demografi

Samla er det om lag 74 000 innbyggjarar i dei to regionane. Hardangerkommunane+ er samla litt større enn samla folketal for kommunane i Sogn.

### Svak folkevekst og ein aldrande befolkning

Folketalsutviklinga i landet (og i Hordaland elles) er myke høgare enn den er i indre del av det nye fylket.



Figur 9 Folketalsutviklinga. Hordaland og Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har folketalet stått nesten uendra frå 1980. «Knekken» i utviklinga i Hordaland skuldast at Bergen var eige fylke fram til 1972.

Tabell 2 Folketalsutviklinga regionvis 1980 - 2040 (middels framskriving - 2015)

Region	1980	2000	2016	2025	2040
Sogn	33 944	32 839	32 669	33 708	35 333
Hardanger+	45 810	42 253	41 421	42 828	45 178

Vi ser av tabellen at folketalet i Hardangerkommunane+ er lågare enn det var i 1980, medan det berre er ei svak auke i Sognekommunane. Prognosane syner svak oppgang for Hardanger+. Forventa oppgang i Sogn skuldast eine og aleine utviklinga i Sogndal kommune.

Tabell 3 Folketalsutviklinga pr. kommune 1980 - 2040 (middels framskriving - 2015)


Kommune	1980	2000	2016	2025	2040
Årdal	6 755	5 797	5 359	5 243	5 043
Lærdal	2 203	2 202	2 172	2 137	2 087
Luster	5 078	5 003	5 093	5 259	5 549

Kommune	1980	2000	2016	2025	2040
Sogndal	5 438	6 666	7 839	8 993	10 551
Leikanger	2 822	2 183	2 298	2 367	2 451
Vik	2 659	2 965	2 689	2 566	2 437
Aurland	2 096	1 833	1 764	1 821	1 900
Høyanger	5 044	4 677	4 161	4 057	4 075
Balestrand	1 849	1 513	1 294	1 265	1 240
Voss	14 163	13 726	14 425	15 196	16 471
Vaksdal	4 851	4 192	4 125	4 293	4 517
Granvin	996	1 044	920	904	895
Ulvik	1 362	1 222	1 116	1 121	1 113
Ullensvang	4 041	3 562	3 401	3 383	3 453
Jondal	1 273	1 151	1 104	1 264	1 543
Odda	9 183	7 727	6 930	6 907	7 087
Kvam	8 733	8 592	8 475	8 801	9 095
Eidfjord	1 208	1 037	925	959	1 004

Det er to «motorar». Sogndal/Luster er den med størst forventa vekst framover, men Voss/Vaksdal har òg forventa auke i folketalet.

I Sogn elles er det berre nedgang, medan det er rimeleg stabilt eller nedgang i dei andre kommunane i Hardanger.

Samla er område prega av fråflytting, forgubbing, stagnasjon og med få vekstimpulsar.



Figur 10: Prosent eldre over 67 år fram til 2040 (Prognose SSB, middels nasjonal vekst MMMM - 2018)

Med unnatak av Jondalen, vil alle kommunane relativt sett få stor auke i eldre over 67 år. Kommunane i Sogn er meir utsett enn dei i Hardanger+.


### Fråflytting

Det er stor netto utflytting både frå Hardanger+ og Sogn. Tal frå 2000, 2010 og 2017 er døme. Over tid vert dette høge tal.

Tabell 4 Netto utflytting. Regionvis. 2000, 2010 og 2017. SSB

	2000	2010	2017
<b>Hardanger+</b>	-293	-126	-262
<b>Sogn</b>	-214	-129	-342
<b>Sum</b>	-507	-255	-604

Det er berre unntaksvis at kommunane har netto innflytting. Kopla med den store relative og absolutte auken i tal eldre får vi klare stagnasjonstendensar, men lågare og lågare del personar i arbeidsfør/produktiv alder.



Figur 11 Netto flytting. 2000, 2010 og 2017 Absolutte tal. Kommunevis. SSB.

## 6. Næringsliv

### Sterke sider

I samband med vedtaket om å slå dei to fylka saman trakk regjeringa fram nokre sterke sider ved det nye fylket som:

- *Petroleum*
- *Fiskeri*
- *Havbruk*
- *Landbruk*
- *Prosessindustri*
- *Reiseliv og*
- *Fornybare energiressursar*

Mange av desse næringane står sterkt både i Sogn og Hardanger+, særleg landbruk, industri, reiseliv og vasskraft.

Næringslivet er i stor grad tufta på naturbaserte fortrinn. Dette er likt, både i Hardanger+ og Sogn.

#### Hardanger+

Utanom lokal administrasjon og tenesteyting er industri, jordbruk og turisttrafikk viktige næringar. Viktigaste industribransje er primær jern- og metallindustri tufta på vasskrafta (Odda, Tyssedal og Ålvik). Viktigaste driftsform i jordbruket er saue- og storfehald og fruktdyrking. Både fruktdyrkinga og sauehaldet er monalege i landsmålestokk.

#### Sogn

Jordbruket i Sogn er og tufta på husdyrhald og frukt- og bærdyrking. Etter vestlandsforhold er skogbruk viktig, særleg i Sogndal og Lærdal.

Vassdragsutbygginga har skapt grunnlag for aluminiumsindustrien i Årdal og Høyanger. Anna industri er næringsmiddel i Sogndal.


Turisme spesielt frå cruise i Sognefjorden har tatt seg opp de seinare åra. Flåm i Aurland er den største cruisehamna.

### Sysselsetting og næringsstruktur

Hardanger+ og Sogn har nesten heilt lik fordeling mellom dei tre hovudnæringane.

I primærnæringane er det bær og frukt som står sterkest. Utmarka er også viktig. I sekundærnæringane finn vi tidlegare einsidige industristader som Odda, Årdal og Høyanger og delvis Kvam og Vaksdal.


## *Hardanger - Sogn*



**Figur 12 Næringsstruktur regionvis**

Tertiærnæringane står sterkest i regionsentera som Sogndal og Voss og i dei store reiselivskommunane som t.d. Aurland, Balestrand, Ulvik og Voss.

Leikanger har også ei sterkt tertiærnæring, som følgje av mange statlege arbeidsplassar. Fylkeskommunen, fylkesmannen og Statens Vegvesen Region Vest har sitt sete der, i tillegg til at t.d. NAV/DIFI har stor aktivitet i ein elles liten kommune med bær og frukt som hovudnæring.




**Figur 13 Næringsstruktur. Kommune.**

## **Sårbarheit**

Telemarkforsking har laga ein indeks som seier noko om kor sårbart næringslivet i ein kommune er målt ved å kombinere tre indikatorar – hjørnestefaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarknadsintegrasjon.

Høg verdi indikerer større sårbarheit<sup>2</sup>.



**Figur 14 Sårbarhetsindeks. Kommunane. Telemarkforsking. 2011**

Vi ser at industristadene Vaksdal, Odda, Høyanger og særleg Årdal peikar seg ut med størst sårbarheit. Betre kommunikasjonar, meir pendling og meir variert næringsliv har nok betra sårbarheita noko i dei meste utsette kommunane.

## Næringsutviklingsapparatet

### Sogn

Det offentlege næringsutviklingsarbeidet i Sognekommunane er fragmentert og lite samordna. Stort sett alle kommunane har sin eigen næringsutviklingsorganisasjon, anten som sjølvstendig juridisk eining eller som del av kommuneadministrasjonen. Dei samarbeider litt, men rår over kvart sitt verkemiddelapparat som berre vert nytta innanfor kommunegrensa. Det er i stor grad vasskraftrelaterte fond, men dei mottek òg regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen.

Det er fleire næringslivsorganisasjonar, men dei er òg organisert kommunevis. Her er det òg lite samarbeid.

Unnatak er m.a.:

- *Reiselivet med Visit Sognefjord, der alle kommunane deltek.*
- *Sogn næringshage.*

### Hardanger+

Hardangerrådet har frå 2004 til 2014 årleg fått midlar til Regional Næringsutvikling, løyvde av Hordaland fylkeskommune. med grunnlag frå Statsbudsjettet kap. 551 post 60.

Hardangerrådet har teke ansvaret for forvaltninga av desse midlane og kallar det Regionalt Næringsfond Hardanger (RNH). Denne ordninga er no slutt.

Situasjonen i Hardanger+ på dette området er elles ikkje ulik den i Sogn, med nokre unnatak:

- *Hardanger næringshage*

<sup>2</sup> Basert på 2011-tall

- *Team Hardanger (TH)*
  - *eit fagleg nettverk mellom næringskontaktane og etablerarrettleiarane i kommunane/herada i Hardanger*
- *Etablerarfond for Hardanger*
- *Nettverk for SMB-verksemder*

Det er òg etablert næringssamarbeid over eksisterande fylkesgrense med SAVV.

#### Samarbeidsrådet Aurland-Vik-Voss (SAVV)

Fondet forvaltar midlar til næringsutvikling og skal medverka til å løysa ut verdiskapingspotensialet i Aurland-Vik-Voss region ved å leggja til rette for og gje støtte til næringsutvikling og etablerartiltak i regionen med hovudvekt på landbruk, reiseliv og kultur.

#### **Industri**

Regionane har fleire stader med kraftkrevjande prosessindustri. Det vart i si tid etablert på grunn av den komparative føremonen som vasskrafta ein gong var. Dei stadene der industrien er dominerande er Odda, Vaksdal, Høyanger og Årdal.

#### **Reiseliv**

Dei to regionane er blant dei største destinasjonane i den nasjonale og internasjonale satsinga i Fjord Norge og Visit Norway<sup>3</sup>.

**Tabell 5 Gjestedøgn og omsetning. 2015**

<b>Destinasjon</b>	<b>2015</b>	<b>Omsetning</b>
<b>Sognefjorden</b>	590 000	736 mill. kr
<b>Sommer</b>	390 000	
<b>Vinter</b>	47 000	
<b>Hardanger</b>	403 000	503 mill. kr
<b>Sommer</b>	286 000	
<b>Vinter</b>	54 000	

#### **Vasskraft og anna fornybar energi**

Området har stort overskot av vasskraft. Mykje av krafta går til Oslo og resten av Austlandet.

I Hardanger var det i 2015 utbygd over 7 300 GWh, som er 42,5 % av fylket sin produksjon. Eidfjord og Odda er dominerande kraftkommunar.

Sogn har òg myke vasskraft, det meste i Aurland og Luster, men òg stor produksjon i Årdal, Lærdal, Høyanger og Vik. I Sogn er ein stor del av Sogn og Fjordane sin kraftproduksjon.

Årdal har dessutan produksjon av «wafer» til solceller.

#### **Omstilling i kombinasjonen – reiseliv/landbruk**

Sogn og Hardanger+ har eit perfekt utgangspunkt for omstilling i kryssingspunktet mellom reiseliv og landbruk.

I eit meir stillesittande, teknologisk og urbant samfunn blir tenester ut i frå naturen løfta fram som ein stadig viktigare føresetnad for ein aktiv, sunn livsstil og god helse. Samstundes er

---

<sup>3</sup> <https://www.visitnorway.no/>

rein luft, reint vatn og reint jordsmonn også avgjeraande føresetnader for ein naturleg og helsefremjande produksjon av lokal mat. Ei felles nemning for dette er økosystemtenester.

### Økosystem-tenester

«Økosystemtenester» er godar og tenester vi får frå naturen. Det er fire hovudkategoriar økosystemtenester:

- *Forsyningstenester*
  - som omfattar produkt vi får frå økosystem, som for eksempel mat, vatn og brensel
- *Reguleringstenester*
  - som er naturlege reguleringar av prosesser som for eksempel vassreinsing, luftreinsing, flaum og erosjonsbeskyttelse
- *Kulturelle tenester*
  - omfattar ikkje-materielle godar som estetiske og spirituelle opplevingar, rekreasjon og helse
- *Støttande tenester*
  - som er grunnleggande funksjoner i økosystem jorddanning, resirkulering av næringssstoff og primærproduksjon

Her ligg truleg kimen til fornying og omstilling i både i dei to regionane og som ei fells satsing.

### Pendling

Parallelt med sentraliseringa er kommunikasjonane bygd ut. Folk og føretak har større rekkevidde. Det er meir pendling på kryss og tvers, og ikkje berre inn til dei sentrale tettstadane. Det er stor skilnad mellom kommunane når det gjeld eigendekning av arbeidsplassar.

Pendling	Sysselsette	Pendlar %
Hardanger+	21 101	20 %
Sogn	16 152	8 %

Figur 15 Pendling i %. Tal sysselsette. 2015

Samla pendling inn og ut av regionen er stor. Særleg stor er pendlinga frå Voss og Vaksdal til Bergen, frå Sogndal til Leikanger og frå Luster til Sogndal.

Tabell 6: Pendling. Inn og ut. Kommunefordelt. Etter storleik

Kommune		1	2	3	4	5	Andre
<b>Voss</b>	Ut	Bergen: 516	Sokkelen sør for 62° N: 139	Oslo: 83	Vaksdal: 71	Kvam: 39	554
	Inn	Bergen: 178	Granvin: 125	Vaksdal: 93	Ulvik: 78	Ullensvang: 42	316
<b>Vaksdal</b>	Ut	Bergen: 566	Voss: 93	Sokkelen sør for 62° N: 50	Modalen: 36	Osterøy: 20	193
	Inn	Bergen: 102	Voss: 71	Osterøy: 43	Samnanger: 18	Modalen: 7	46
<b>Granvin</b>	Ut	Voss: 125	Bergen: 27	Ullensvang: 11	Sokkelen sør for 62° N: 11	Ulvik: 9	59
	Inn	Voss: 36	Ulvik: 18	Ullensvang: 9	Odda: 3	Eidfjord: 3	9
<b>Ulvik</b>	Ut	Voss: 78	Bergen: 26	Granvin: 18	Oslo: 13	Ullensvang: 12	64
	Inn	Voss: 25	Bergen: 14	Granvin: 9	Aurland: 9	Ullensvang: 5	16
<b>Ullensvang</b>	Ut	Odda: 365	Bergen: 69	Voss: 42	Sokkelen sør for 62° N: 42	Oslo: 24	183

## Hardanger - Sogn

---

Kommune		1	2	3	4	5	Andre
	Inn	Odda: 58	Eidfjord: 33	Bergen: 17	Ulvik: 12	Oslo: 11	64
<b>Jondal</b>	Ut	Kvam: 42	Odda: 35	Bergen: 28	Kvinnherad: 13	Ullensvang: 11	50
	Inn	Kvam: 29	Bergen: 8	Ullensvang: 7	Odda: 4	Oslo: 1	10
<b>Odda</b>	Ut	Bergen: 93	Ullensvang: 58	Sokkelen sør for 62° N: 49	Oslo: 39	Suldal: 34	295
	Inn	Ullensvang: 365	Kvinnherad: 50	Jondal: 35	Bergen: 25	Eidfjord: 25	110
<b>Kvam</b>	Ut	Bergen: 291	Sokkelen sør for 62° N: 136	Oslo: 83	Fusa: 39	Jondal: 29	501
	Inn	Bergen: 77	Fusa: 43	Jondal: 42	Voss: 39	Samnanger: 36	156
<b>Eidfjord</b>	Ut	Ullensvang: 33	Odda: 25	Voss: 21	Sokkelen sør for 62° N: 17	Bergen: 11	84
	Inn	Ullensvang: 13	Ulvik: 7	Bergen: 6	Voss: 5	Kvam: 4	13
<b>Årdal</b>	Ut	Sogndal: 61	Lærdal: 57	Bergen: 32	Oslo: 31	Sokkelen sør for 62° N: 22	130
	Inn	Lærdal: 84	Sogndal: 80	Luster: 36	Bergen: 28	Leikanger: 28	164
<b>Lærdal</b>	Ut	Årdal: 84	Sogndal: 56	Aurland: 35	Bergen: 30	Luster: 19	124
	Inn	Årdal: 57	Sogndal: 51	Aurland: 44	Hemsedal: 24	Luster: 18	67
<b>Luster</b>	Ut	Sogndal: 500	Leikanger: 109	Bergen: 45	Årdal: 36	Førde: 35	298
	Inn	Sogndal: 146	Lærdal: 19	Trondheim: 9	Leikanger: 8	Vik: 7	82
<b>Sogndal</b>	Ut	Leikanger: 423	Luster: 146	Førde: 97	Årdal: 80	Bergen: 75	376
	Inn	Luster: 500	Leikanger: 206	Årdal: 61	Bergen: 58	Lærdal: 56	558
<b>Vik</b>	Ut	Sogndal: 43	Leikanger: 34	Bergen: 30	Oslo: 24	Sokkelen sør for 62° N: 21	118
	Inn	Balestrand: 13	Sogndal: 12	Leikanger: 11	Bergen: 9	Høyanger: 9	47
<b>Aurland</b>	Ut	Lærdal: 44	Bergen: 30	Voss: 21	Sogndal: 21	Årdal: 19	102
	Inn	Lærdal: 35	Bergen: 15	Voss: 15	Sogndal: 11	Oslo: 8	43
<b>Høyanger</b>	Ut	Førde: 123	Hyllestad: 63	Sokkelen sør for 62° N: 59	Bergen: 41	Gaular: 26	298
	Inn	Balestrand: 60	Gaular: 43	Hyllestad: 26	Førde: 21	Bergen: 19	75
<b>Balestrand</b>	Ut	Høyanger: 60	Leikanger: 30	Sogndal: 25	Vik: 13	Bergen: 10	119
	Inn	Høyanger: 19	Vik: 9	Leikanger: 6	Bergen: 5	Sogndal: 5	25


Den auka pendlinga har ført til sterkare integrasjon i eksisterande bu- og arbeidsmarknadsregionar. Sentraliseringa har samstundes ført til færre innbyggjarar i dei mest grisgrendte områda. Det har skjedd ein regional sentralisering med vekst i dei to store tettstadane.

### Statlege arbeidsplassar<sup>4</sup>

Odda og Voss med sjukehus, men særleg Leikanger med NAV/DIFI og Statens vegvesen Region Vest og Sogndal med ein campus for Høgskulen på Vestlandet har dei fleste statlege arbeidsplassane. I tillegg har Kartverket eit register i Kinsarvik i Ullensvang.

---

<sup>4</sup>Forvaltningsdatabasen. Tal er frå 2014. Departementet ikkje heimel til å formidle data etter 2014.  
<http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/ansatte/kommune>



Figur 16 Statlege arbeidsplassar - kommune

Sogn og Sunnfjord har – gjennom medvete satsing – sikra seg mange slik arbeidsplassar dei siste to tiåra<sup>5</sup>.

Fylkessamanslåinga har fått som følgje at t.d. Innovasjon Norge og NAV alt har flytta administrasjonen og nokre få leiar stillingar på Leikanger til Bergen. Overføringa av fylkesvegane frå sams vegadministrasjon kan og føre til at det forsvinn statlege arbeidsplassar frå Leikanger.

Det er ei viss uro for at ei slik utvikling vil halde fram og at regionreforma vil verke enno meir sentralisering.

Det bør vere i felles interesse å arbeide for å få fleire statlege arbeidsplassar. Både Voss og Sogndal er gode lokaliseringskandidatar der det er mogeleg å argumentere med gode kommunikasjonar, stabil og kompetent arbeidskraft mm.

Men eit kriterium for å lukkast er regional semje om desse to lokaliseringstadane. Elles vert dette berre alle sin kamp mot alle, og då veit vi utfallet.

<sup>5</sup> DIFI, Lotteri- og stiftelsestilsynet, NVE sitt distriktskontor, NAV sitt økonomikontor, Distriktsenteret m.m..

## **7. Kommuneøkonomi**

### **Økonomisk status**

Den økonomiske situasjonen i kommunane er ulik, men ingen av dei er i ROBEK<sup>6</sup>.

Nokre tal.

#### *Netto driftsresultat*

Dette er hovudindikatoren for den økonomiske balansen og syner driftsoverskotet etter at renter og avdrag er betalt. Det seier difor noko om kva kommunen har til rådvelde til avsettingar og investeringar. Samla og over tid bør det vere om lag 3 % av inntektene.

**Tabell 7 Netto driftsresultat i %.**

	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>Jondal</b>	1.2	3.6	2.2
<b>Odda</b>	6.2	3.1	6.0
<b>Ullensvang</b>	1.4	4.3	9.7
<b>Ulvik</b>	3.1	-1.9	-0.2
<b>Eidfjord</b>	10.7	6.8	5.5
<b>Granvin</b>	2.9	6.1	2.8
<b>Voss</b>	3.7	2.9	3.9
<b>Kvam</b>	-3.0	2.2	2.4
<b>Vaksdal</b>	2.5	4.6	5.8
<b>Høyanger</b>	3.4	2.2	1.7
<b>Vik</b>	21.2	1.7	-1.0
<b>Balestrand</b>	1.6	0.0	15.3
<b>Leikanger</b>	-3.0	2.6	7.1
<b>Sogndal</b>	5.5	8.0	6.3
<b>Aurland</b>	21.1	5.8	6.7
<b>Lærdal</b>	0.0	2.4	-0.1
<b>Årdal</b>	3.4	2.2	3.6
<b>Luster</b>	1.5	4.1	4.8

Det er nokre kommunar som skil seg ut og held seg over retningslinene; Odda, Eidfjord, Voss, Sogndal og Aurland.


#### *Netto lånegjeld*

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus utlån og ubrukte lånemidlar, i prosent av brutto driftsinntekter<sup>7</sup>.

---

<sup>6</sup> «Register om betinget godkjenning og kontroll». Kl. §60.1 d. – følgjer ikkje vedteken plan for dekking av underskot.

<sup>7</sup> Tala er frå KOSTRA 2015.



Figur 17 Netto lånegjeld i %

Med unnatak av Kvam i Hardanger er det i stor grad Sognekommunane som slit med høg lånegjeld.

## **8. Demokrati/lokalpolitikk**

### **Politisk og administrativ styring**

Dei aktuelle kommunane er i dag styrt etter formannskapsprinsippet av 1837, med kommunestyre, formannskap og ein rådmann som administrativ leiar.

### **Interkommunal samarbeid**

Slikt samarbeid gjer det mogeleg for mindre kommunar å løyse lovpålagde tenester med tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Dei siste femti åra har kommunane fått mange nye oppgåver. Samstundes er ansvaret for mange oppgåver flytta frå folkevalde organ til interkommunale samarbeid. Dette kan skape eit demokratisk underskot og tappe kommunestyra for oppgåver.

Fylkesgrensa har på mange vis vore ei barriere mot å organisere det interkommunale samarbeidet. No forsvinn den. Utan fylkesgrensa og med fleire kommunesamanslåingar i desse to regionane vil mange av samarbeida kome opp til ny vurdering<sup>8</sup>. Truleg vert nokre av samarbeida oppløyst og oppgåvene lagt inn i den nye kommunen. I andre tilfelle vil vi få skifte av samarbeidspartnarar/eigararar, ved at einskildkommunar går ut og/eller nye kjem inn.

Kanskje kan fellesmøte mellom Sogn og Hardanger+ opne opp for nye konstellasjonar i det interkommunale samarbeidet?

Her er det eit stort endringsbehov, men få planar.

### **Interessefellesskap**

Både kommunar og regionråd inngår i ulike formar for interessefellesskap. I dei nasjonale fora til desse interessefellesskapa vil det truleg vere interessant å etablere eit meir tydeleg samarbeid.

Her er nokre døme.

#### **LVK - Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar**

Alle kommunane – med unnatak av Granvin herad – er medlem her.<sup>9</sup>

#### **LNK - Landssamanslutninga av nynorskkommunar**

Alle er medlemar<sup>10</sup> – også dei to regionråda.

Det er sikkert fleire slike.

---

<sup>8</sup> Innafor ramma for dette dokumentet har det ikkje vore tid og ressursar til å kartlegge dei interkommunale samarbeida.

<sup>9</sup> <http://lvk.no/LVK/Om-LVK/Medlemskommunene>

<sup>10</sup> <http://lnk.no/om-lnk/medlemer>

## 9. Samferdsle

### Sogn

Sogn har fleire vegsamband til Austlandet. Riksveg 55 går over Sognefjellet til Lom, rv. 53 over Tyin, E 16 over Filefjell til Valdres, rv. 52 over Hemsedal og Gol og rv. 50 Aurland–Hol til Hallingdal. Det går også fleire riksvegsamband sørover til Hordaland og nordover til Sunnfjord, viktigast i Sogn er rv. 13 med ferjesamband Vangsnes–Hella/Dragsvik og rv. 5 med ferjesambandet Fodnes–Mannheller.

I Aurland skjærer Bergensbanen så vidt innom Sogn med sidelinje fra Myrdal til Flåm ved botnen av Aurlandsfjorden.

Flyplassen Sogndal lufthamn Haukåsen ligger sørvest for Kaupanger.

Det er førebels ikkje bru over Sognefjorden. Sogn har difor ei rad ferjesamband.

### Hardanger

Viktigaste vegsamband frå Hardanger til Østlandet er fv. 7/rv. 7 over Eidfjord og den nordlege delen av Hardangervidda til Hallingdal og E 134 frå Jøsendal i Odda over Røldal og Haukelifjell til Telemark. Disse to sambanda går òg vestover, rv. 7/fv. 7 til Trengereid der den møter E16 til Bergen, og E134 som fører til Haugesund. Viktigaste nord–sør-sambandet er rv. 13, indre stamveg på Vestlandet, som går frå Voss over Granvin og langs austsida av Sørfjorden til Odda og Røldal og videre til Suldal i Ryfylke.

Opninga av Folgefondtunnelen mellom Odda og Kvinnherad i Sunnhordland (Fv. 551) i 2001 og sambandet vidare via Jondaltunnelen frå Mauranger i Kvinnherad til Jondal i 2012 (fv. 107) har gjort det interne sambandet i Hardanger og mellom Hardanger og Sunnhordland betre. For Indre Hardanger og Bergens-området har opninga av Hardangerbrua i 2013 (fv./rv. 7) vore viktig på trass av at trafikken førebels er lågare enn prognosane.

Hardangerbana Voss–Granvin ble nedlagt 1985 for persontrafikk; det går framleis godstrafikk frå Voss stasjon til næringsområdet og terminalen på Palmafoss stasjon på den gamle Hardangerbana. Personbåttrafikken i Hardanger er lagt ned i takt med utviklinga i vegsambanda; berre reine turistruter er i drift om sommaren. Også bilferjetrafikken er redusert med betre vegnett. No er det berre to ferjesamband igjen i Hardanger: Kinsarvik-Utne-Kvanndal og strekningen Jondal-Tørvikbygd.

### Viktige saker

Det er mange viktige samferdslesaker knytt til desse to regionane. Dei viktigaste er nok:

- *Rassikring*
- *Aust-Vestsambandet ( E134, rv. 7, rv. 52 og E16)*
- *Riksveg 13 – Diktarvegen, med m.a. Vikafjellstunnelen*
- *Hordalandsdiagonalen*
- *E16 og Vossabanen – Arna – Stanghelle*
- *Bru over Sognefjorden*

### Rassikring

Skred og ras pregar både Hardanger+ og Sogn. Både Hordaland og Sogn og Fjordane er gjennom fylkeskommunane tilslutta Nasjonal rassikringsgruppe<sup>11</sup>. Dei to fylka er blant dei

---

<sup>11</sup> <http://www.skredsikring.no/om-oss--kontakt.html>

med størst behov. Det gjeld særleg i indre strøk. Rassikringsmidlane er statlege, men vert fordelt mellom riksveg og fylkesveg.

Fylkesutvalsmedlem Benthe Bondhus (Sp) er representant for Hordaland og fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes (Ap) er leiar og representerer Sogn og Fjordane.

Det er openbart at kommunane vil tene på å stå samla med sine ynskjemål og prioriteringar når denne type saker vert handsama i det nye fylkestinget og i arbeidet med å få meir statlege midlar.

### **Nokre sentrale vegprosjekt**

#### Riksveg 13 - Diktarvegen



Vegen går fra Sandnes i Rogaland til Hella i Sogn og Fjordane. Vegen går vidare til Førde over Gaulafjellet som Nasjonal turistveg, men då som fylkesveg.

Den bitt saman store delar av det indre Vestlandet. Den har for det meste låg standard, utan gul midtstripe. Samstundes har den høg trafikkbelasting, særleg i sommarsesongen.

#### *Vikafjellet*

Delar av vegen har dessutan låg vinterregularitet p.g.a. overgangen over Vikafjellet. Den er definert som heilårsveg, kryssar eksisterande fylkesgrense og bitt saman midtre del av Sogn med Voss.

Vikafjellstunnelen<sup>12</sup> vil kunne gje stabilt samband heile året. Det har vore ei viktig sak for Vik kommune i fleire tiår og er støtta av Sogn regionråd og fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Tunnelen er ikkje med i gjeldande NTP, på trass av mange politiske lovnader opp gjennom tida.

**Figur 18 Riksveg 13 - Diktarvegen**

#### Aust – Vest sambandet – E134, rv. 7 og rv. 52

KVU'en om nytt Aust-Vestsamband splitta Hardanger i 2017. Valet mellom Hemsedal og Hardangervidda enda med at Hardangervidda er samband for persontrafikk, medan Hemsedalsfjellet er samband for tungtrafikken. Det er truleg langt fram før det kjem større løyingar her. Det vil heller ikkje vere overraskande om det kjem omkampar.

Det gamle Aust-Vestsambandet på E16 over Filefjell er for det meste ferdig utbygd. Det står att nokre tunnelar og mindre strekningar i Valdres. Både tunnel ved Øye i Vang og i Bangskleivene i Sør-Aurdal er under bygging og vil stå ferdig i 2019 – 2020.


#### Hordalandsdiagonalen

Diagonalen var i bilete som ei mogeleg løysing på Aust-Vest-sambandet under arbeidet med NTP 2018 – 2019. E134 vart vald som den sørlege av dei to alternativa. Diagonalen nådde ikkje opp, på tross av høg kost/nytte.

---

<sup>12</sup> <http://vikafjellstunellen.no/>

Kommunane i Interessefellesskapet for rv. 52 Hemsedalsfjellet<sup>13</sup> uttalte m.a.:



Figur 19 Hordalandsdiagonalen

*ein stor andel av trafikantane på rv. 7 har stor nytte av E134, med eller utan arm.»*

#### Bru over Sognefjorden – Fodnes - Manheller

Ei ny bru over Sognefjorden - som avløyer ferja mellom Fodnes og Mannheller - vil ha stor verknad for trafikken mot Norvestlandet. Den vil vere viktig både for Hardanger+ og Sogn.

Kost/nytte er høg. Prosjektet er ikkje inne i gjeldande NPT.

#### E 16

##### Arna – Stanghelle



Figur 20 Trafikktal Arna - Stanghelle

*«Følsomhetvurderinga viser, ikkje overraskande, at ein Hordalandsdiagonal har avgjerande påverknad for den trafikale utviklinga og for nytten av dei to konsepta på rv. 7 og rv. 52. Vidare satsing på Bergensbanen, utbygging av ein arm mot Ålesund på rv. 5 og ferjefri E39, vil forsterke biletet av at E134 med arm og rv. 52 styrker sine posisjonar som aust-vest samband. Analysen stadfestar også at trafikantar på rv. 52 + rv. 5 ikke har noko nytte av rv. 7, medan*

*ein stor andel av trafikantane på rv. 7 har stor nytte av E134, med eller utan arm.»*

Som det går fram av trafikkstraumen i figuren her er strekninga viktig både for Hardanger+ og Sogn.

Den er kåra til «Norges verste veg» i 2018 etter at tunnelane mellom Innvik og Olden i Stryn stod ferdig i 2017.

Strekninga er særstakt utsatt for ras og er tungt ulukkesbelasta med mange dødsulukker.

Det er krevjande å planlegge ny trase. Det er trongt, rasfarleg og vanskeleg samordning veg/jernbane.

Etter NTP'en er det rekna med at ny veg fyrste vil stå ferdig i 2019.

E 16 går stort sett langs jernbanen frå

Trengereid gjennom de tre tettstadane og langs Bolstadfjorden til Voss. Gjennom Vaksdal går Bergensbanen med ei rad tunnelar. Planarbeidet er godt i gang og prosjektet har høg prioritet.

<sup>13</sup> Hemsedal, Gol, Lærdal, Sogndal, Luster, Leikanger, Gloppen, Jølster, Førde og Eid

## **10.Utfordringar**

### **Regionråda som aktiv samfunnsutviklar**

Kommunane er i aukande grad påverka av nasjonale og globale utfordringar. Demografi og kommunikasjonar har endra dei funksjonelle samfunnsutviklingsområda. Strukturen er i liten grad endra i takt med denne utviklinga. Dei fleste funksjonelle samfunnsutviklingsområda dekker i dag fleire kommunar.

Rolla som aktiv samfunnsutviklar vert utforda av den sterke sentraliseringskrafta i offentleg og privat sektor. Det gjeld busetnad, sysselsetting og tenestetilbod. Nye og større kommunar kan truleg betre fylle samfunnsutviklarrolla og stå sterkare rusta som motvekt mot utflytting og sentralisering.

Små kommunar får større og større problem med å fylle rolla. Innovasjon, næringsutvikling, tettstadutvikling og auka attraktivitet krev kompetanse og kapasitet. Evna til å etablere møteplassar, partnarskap og samhandling med eit breitt spekter av aktørar på ulike nivå vert utforda.

Difor vert kommuneregionane meir og meir viktig, særleg for dei minste kommunane.

Sentrale spørsmål vil vere:

- *Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysningar på tvers av kommunegrensene?*
- *Kva føremoner gir betre samarbeid mellom kommunane og med regionalt nivå i planlegging av ei langsigtig og heilskapleg utvikling?*
- *Reduserer dei nye, samanslått kommunane behovet for interkommunalt plansamarbeid?*
- *Gir større kommunar og samarbeid mellom dei små betre kapasitet til å drive innovasjonarbeid?*
- *Kan samarbeidet mellom kommunane gjere det lettare for regionalt nivå t.d.:*
  - *Å overføre disponering av ulike verkemiddel?*
  - *Gje kommuneregionane fleire planleggingsoppgåver?*

### **Kvífor regionråd?**

I forhold til desse problemstillingane kan regionråda og samarbeid mellom desse ha minst tre viktige roller:

- *Tenesterolle*
  - *Initiere og samordne interkommunalt samarbeid om kommunal administrasjon og kommunale tenester*
- *Interessepolitisk utviklingsrolle*
  - *Arbeid for å påverke næringsliv, regionale og nasjonale aktørar*
- *Prosessrolla*
  - *Samordning av løpende saker gjennom felles høyringsuttalar og sakshandsaming*

### To «motorar» i regionen.

Kommunane Voss og Sogndal har auke i folketal, medan dei andre stort sett har hatt jamn nedgang over lang tid. Som like senterkommunar vil dei kunne spele ei sentral rolle i dialogen med regionalt nivå.

Det krev samstundes er dei er «rause» i t.d. lokalisingssaker.

## SVOT (Strategisk analyse)

I møtet med regional stat og den nye fylkeskommunen er det viktig å tenke gjennom kva som er positivt og negativt i den indre delen fylket. Tabellen under er berre tenkt som illustrasjon.

Det vil vere fornuftig å gjennomføre ein fullstendig strategisk analyse for å ha semje om kva som er sterke og veike sider og ikkje minst kor det er opningar (moglegheiter) og – ikkje minst – truslar.

**Tabell 8 SVOT - Strategisk analyse**

	<u>Positivt</u> <b>For å nå måla</b>	<u>Negativt</u> <b>Verkar mot måla</b>
<u>Internt</u>	<u>Styrke</u> Vasskraft Reiseliv Natur – rein luft, jord og vatn Vilje til samarbeid Sterke tradisjonar	<u>Veikskap</u> Fråflytting Forgubbing Ulik kommunestorleik Tradisjonell næringsstruktur Krevjande kommunikasjonar
<u>Eksternt</u>	<u>Opningar</u> Økosystemtenester – kombinasjonen reiseliv - landbruk	<u>Truslar</u> Sterkare regionsenterdominans Sentralisering Usemjje i viktige saker t.d. innan samferdsle

## **11. Mogeleg samarbeids- og konfliktområde**

### **Samarbeid med regionalt nivå**

En viktig side ved regionråda er samarbeid med fylkeskommunen og fylkesmannen. Det er ikkje uvanleg at representantar for fylkeskommunen er fullverdige medlemer med røysterett eller møter med tale- og forslagsrett i regionråda.

Fylkesmannen sin rolle er som regel knytt meir til finansiering av prosjekt eller til ein rein observatørrolle.

Nokre regionråd har formell partnarskapsavtale med fylkeskommunen. Vi finn òg døme på eigen avtale om finansiering, med overføring av regionale utviklingsmidlar. Ved nokre høve ser vi tilskot til regionrådet sin administrasjon, kopling til strategisk næringsplan/regionalt næringsselskap, årlege handlingsplanar mm.

Det er òg døme der regionråd har teke over forvaltings- og rapporteringsansvar for regionale næringsfond, og verkemiddel som tidlegare gjekk til einskildkommunar og interkommunale samarbeid.

Fleire regionråd har òg gått saman og fungert som faste planregion og arena for dialog om regional planlegging i regi av fylkeskommunen.

### **Område for felles strategi**

#### Rollar

Det er difor nokre rollar samarbeidet kan ta:

- *Oppgåve- og verkemiddelforvaltar*
- *Samarbeid om regionale utviklingsoppgåver*
- *Auka påverknadskraft og betre samarbeidsrelasjonar*

#### Område

Det er nokre samarbeidsområde som peikar seg ut og som samsvarar med prioriterte satsingsområde i det nye fylket. Det er:

- *Regional næringsutvikling*
- *Meir heilskapleg regional planlegging*
- *Samordning av planar*
- *Betre samordning med regional stat*
- *Opning for oppgåveoverføring*
- *Overføring av verkemiddel*

### **Aktuelle møteplassar og prosessar**

Prosessane rundt nytt fylke gjer at det i dag er vanskeleg å få eit klart bilet av kva som vil vere relevante prosessar og møteplassar både hjå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Det er likevel slik at Fellesnemnda og leiarane i det nye fylket alt er på plass. T.d. har Fellesnemnda alt teke på seg oppgåva med å lage felles Planstrategi for det nye fylket. Dette er ein særsviktig prosess der dei indre delane av det nye fylket bør melde seg på snarast råd.

### **Konfliktområde?**

Eit sannsynleg konfliktområde vil vere dei ulike samferdsleprosjekta. Vi så i samband med den siste NTP'en at den splitta, t.d. ved val mellom Hemsedalsfjellet og Hardangervidda og i prioriteringa av Hordalandsdiagonalen.

Men er her det og prosjekt som kan verke samlande.

Løysinga er nok å halde seg unna konfliktområda og prioritere arbeid som verkar samlande.

Det er særsviktig at den indre delen av det nye fylket kan møte regionalt nivå samla og med ei tydeleg prioritering.

## **12. Vedlegg**

### **Figurar og tabellar**

Figur 1 Kommunane.....	6
Figur 2 Hardangerrådet .....	7
Figur 3 Logo Sogn regionråd .....	8
Figur 4 Fylkesmannen i Vestland - Organisering, med funksjon, leiar og kontorstad .....	9
Figur 5 Vestland fylkeskommune. Organisering og lokalisering .....	10
Figur 6 Sannsynleg fordeling i nytt fylkesting.....	11
Figur 7 Rune Haugsdal.....	12
Figur 8 Direktørar i Vestland fylkeskommune .....	13
Figur 9 Folketalsutviklinga. Hordaland og Sogn og Fjordane .....	14
Figur 10: Prosent eldre over 67 år fram til 2040 (Prognose SSB, middels nasjonal vekst MMMM - 2018) .....	15
Figur 11 Netto flytting. 2000, 2010 og 2017 Absolutte tal. Kommunevis. SSB. ....	16
Figur 12 Næringsstruktur regionvis .....	18
Figur 13 Næringsstruktur. Kommune. ....	18
Figur 14 Sårbarheitsindeks. Kommunane. Telemarkforsking. 2011 .....	19
Figur 15 Pendling i %. Tal sysselsette. 2015 .....	21
Figur 16 Statlege arbeidsplassar - kommune .....	23
Figur 17 Netto lånegjeld i % .....	25
Figur 18 Riksveg 13 - Diktarvegen .....	28
Figur 19 Hordalandsdiagonalen .....	29
Figur 20 Trafikkta Arna - Stanghelle .....	29
Tabell 1 Opningar og utfordringar for Vestland fylkeskommune	12
Tabell 2 Folketalsutviklinga regionvis 1980 - 2040 (middels framskriving - 2015)	14
Tabell 3 Folketalsutviklinga pr. kommune 1980 - 2040 (middels framskriving - 2015)	14
Tabell 4 Netto utflytting. Regionvis. 2000, 2010 og 2017. SSB	16
Tabell 5 Gjestedøgn og omsetning. 2015	20
Tabell 6: Pendling. Inn og ut. Kommunefordelt. Etter storleik	21
Tabell 7 Netto driftsresultat i %.	24
Tabell 8 SVOT - Strategisk analyse	31

## **Relevante kjelder**

Mange av tabellane er henta <http://www.nykommune.no/> og er frå 2015.

Elles er meir oppdaterte tal henta frå <https://www.ssb.no/statbank/>

Reiselivsdata kjem frå Visit Sognefjord

Samferdsleinformasjon er i stor grad henta frå KVU'ar med underliggende arbeidsrapportar

Vestland fylkeskommune - <https://www.vlfk.no/om-storfylket/>

Organiseringa av Fylkesmannen i Vestland kjem frå ass. fylkesmann

NIVI Rapport 2018:3 - Regionråd i Norge - Geir Vinsand

Hardangerrådet IKS - Næringsanalyse Hardanger - Asplan Viak 2009

ØF-notat nr.: 03/2005 - Hardanger kommune - Ei utgreiing om fordelar og ulemper ved å slå saman sju kommunar i Hardanger

mm.